

Vedtekter

Publisert mandag 16. november 2009, revidert 21. mars 2023

Vedtekter for Bømlo Tur- og Sogelag, vedtatt på årsmøtet 2007

§ 1 Namn

Namnet på laget er Bømlo Tur- og Sogelag.

§ 2 Føremål

Bømlo Tur- og Sogelag har til føremål å ta vare på Bømlo si soge, kulturtradisjonar og anna som knyter seg til livsvilkåra i gamal og ny tid. Laget vil ved tilskipingar og turar gjere medlemmer og andre interesserte kjende med lokale kulturminne og tradisjonar.

§ 3 Medlemskap

Medlem er alle som har betalt årspengar. Æresmedlem kan veljast etter framlegg frå styre. Personar som har støtta laget sitt arbeid på ein framifrå måte, kan veljast til æresmedlem. Æresmedlemskapen skal markerast med diplom eller liknande. Æresmedlemmer betaler for å delta på festar laget arrangerer.

§ 4 Årsmøtet

Årsmøtet er laget sitt øvste organ. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgongen av mars månad. Tid og stad for årsmøtet skal gjerast kjend 3 veker føreåt ved lysing i lokalpressa. Saker som ein ynskjer å ta opp til avgjerd, må vera styret i hende seinast 10 dagar før årsmøtet. Det skal ikkje gjerast vedtak i andre saker enn dei som er førde på sakslista. Lovleg innkalla årsmøte er vedtaksført med dei medlemene som møter. På årsmøtet skal desse sakene opp:

1Årsmelding

2Rekneskap

3Val av styre og nemnder

Årsmøtet skal velja styre på 6 medlemmer og 3 varamedlemer: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og to styremedlemer. Leiaren vert vald i særskilt val. Leiaren og varafolka vert valde for 1 år om gongen. Dei andre styremedlemene vert valde for 2 år, og slik at 2, høvesvis 3, står på val kvart år. Varamedlemene til styret er ikkje personlege varafolk. Varafolka får innkalling og sakliste til styremøta. Årsmøtet skal velja desse nemndene: Restaureringsnemnd (minst 10 medlemmer), arrangementsnemnd (minst 10 medlemmer), stinemnd (minst 3 medlemmer), husstyret for Olsahuset (minst 4 medlemmer), skriftstyre (minst 4 medlemmer), kursnemnd (minst 3 medlemmer), valnemnd (minst 3 medlemmer). Halvparten, eller etter høvetal, er medlemene i nemndene på val kvart år. 4Val av 2 revisorar
5Fastsetjing av medlemspengar for komande år 6Innmelde saker

§ 5 Styret

Styret har møte med jamne mellomrom eller når det er behov for det. Det skal førast møtebok. På årsmøtet skal styret leggja fram årsmelding og revidert rekneskap for godkjenning. Styret er vedtaksført når leiaren og minst 2 andre styremedlemer er til stades. Ved lik stemmegjeving har leiar dobbeltstemme.

§ 6 Omframnt årsmøte

Omframnt årsmøte skal haldast når styret eller minst 50 medlemmer krev det og skal gjerast kjent ved lysing i lokalpressa og ved oppslag på høvelege stader med 14 dagars varsel. Omframnt årsmøte kan berre ha føre dei sakene som er nemnde i innkallinga. Omframnt årsmøte er vedtaksført med dei medlemene som møter.

§ 7 Vedtektsending

Årsmøtet, eller eit omframnt årsmøte, kan gjera endringar i vedtektene når minst 2/3 av dei frammøtte røystar for det. Framlegg til endring må vera styret i hende minst ein månad før møtet. Medlemene skal ha melding om dette saman med kunnjingeringa av møtet.

§ 8 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av laget kan gjerast på eit vanleg årsmøte dersom minst ¾ av dei frammøtte røystar for det. Framlegg om oppløysing må vera kjent for alle medlemmer minst 3 månader før årsmøtet. Dersom laget vert oppløyst, skal eiga i laget førast over til Bømlo kommune.